

# Innkalling til instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**Møtetid:** onsdag 9. juni 2021 kl. 12.15.  
Møtet vert gjennomført som nettmøte via Teams.

### Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedikte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Guowen Shang (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk)

Frå gruppe B: Johanne Kalsaas

Frå gruppe C: Gita Rongevær

gruppe D: Robin Eriksen, Othilie Langholm, Clara Debus, Aleksander Tenvik Bergli, Oda Westad.

*Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.*

### Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

### Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 10. februar 2021

Referatet frå møtet 10. februar vart sendt ut 11. februar 2021. Det kom ingen merknader.

### Sak 3 – orienteringssaker

- a) Korona-status: heimekontor, planlegging av undervisninga til hausten mm
- b) Orientering om institutt-økonomien så langt i 2021 (VEDLEGG 1: blir ettersendt)
- c) Brev om budsjettinnspele frå institutta til fakultetet for 2022 (VEDLEGG 2)

### Sak 4 – Oppretting av mastergrad i kinesisk (VEDLEGG 3 a, b og c)

Instituttet har lenge arbeidd for å etablera mastergradar i kinesisk og japansk. Både faga, instituttet og fakultetet har vore involvert i denne prosessen. Søknaden om mastergrad i kinesisk er først klar, og planen er å søkja om mastergrad i japansk etterpå. UUI ved instituttet er orientert om arbeidet med ein nytt masterstudium i kinesisk.

Den vedlagde søknaden om oppretting av mastertilbod i kinesisk er sendt til fakultetet, og vil bli handsama av fakultetsstyret 15. juni. Dersom fakultetsstyret støttar opprettinga, må fakultetet (i samarbeid med instituttet) senda endeleg søknad om oppretting av kinesisk masterstudium innan 31. august i år.

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet støttar opprettinga av eit nytt mastertilbod i kinesisk i tråd med den vedlagde studieplanen.*

### Sak 5 – Utlysing av nye stipendiatsstillingar (VEDLEGG 4)

Institutta ved HF har faste kvotar med stipendiatsstillingar. Dette er den såkalla ordinære «stipendiatskvoten», der IF har tolv stipendiatsstillingar (inkl. postdoktorar) som vi til ei kvar tid kan fylla opp.

Vi har fått informasjon frå fakultetet om at instituttet kan lysa ut fire nye stipendiatstillingar på denne kvoten med tilsetjing hausten 2022. Instituttet bestemmer om desse stillingane skal lysast ut som heilt opne stipendiatstillingar for alle IF-fag og -disiplinar, om nokre av stillingane bør øyremerkast eller eventuelt òg brukast som eigenfinansiering i eksterntøtta prosjekt. Instituttleiinga vil gjerne høyra synspunkt frå instituttrådet før vi lyser ut dei fire stillingane.

**Sak 6 – faktorarar (VEDLEGG 5 a og b)**

Dei vedlagde faktorane for oppgåveretting vart lagde fram til drøfting i UUI 10. mars 2021.

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet vedtek dei framlagde førebuingsfaktorane for oppgåveretting.*

**Sak 7 – Val av instituttråd**

Det skal veljast nye instituttråd ved HF for perioden hausten 2021-våren 2025. Etter dei nye reglane kan rådet maksimalt ha elleve medlemar, og IF har valt ein modell med elleve medlemar i rådet. Sidan det har kome inn akkurat tilstrekkeleg med kandidatar og varafolk, er det avtroppande instituttrådet valforsamling som vel det nye instituttrådet. Val av studentrepresentantar vert gjennomført separat (3 representantar). Instituttleiar er fast medlem av instituttrådet.

Oversyn over kandidatar og varafolk: <https://www.uib.no/hf/143005/valg-ved-det-humanistiske-fakultet-v%C3%A5ren-2021#kandidater-til-instituttr-dene>

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet vel det nye instituttrådet for perioden frå og med hausten 2021 til og med våren 2025 i tråd med framleggget.*

**Sak 8 – Møteplan for instituttrådet hausten 2021**

*Framlegg til vedtak: Instituttråde har møte 8. september, 27. oktober og 8. desember hausten 2021.*

Åse Johnsen  
Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef